


LUTHERSK KIRKETIDENDE



TEMA: RETTFERDIG FORDELING

LEDER

RETTFERDIG FORDELING

ARTIKLER OG INNLEGG

"FRA UNGDOMMEN"

NÅR FATTIGDOMMEN KJEM NÆRE
FORDI DEI FORTENER DET
- KVEN BETALAR PRISEN FOR VÅRE
BILLEGE VARER?

SAMTALEPARTNER PÅ SYKEHUS

FRA BOKFRONTEN

SØNDAGSTEKSTEN

1. JULEDAG

2. JULEDAG - STEFANUSDAGEN

ROMJULSSUNDAG

NYTTÅRSAFTEN

FRA BISPEDØMMERÅDENE

RETTFERDIG FORDELING

Han sov i dag da jeg syklet fordi – med hunden sin ved siden av seg. Han bor vel bokstavelig talt ikke på gata; ingen gjør vel det, men han er der mye – og tigger. Han er norsk, selv om han ikke har skrevet det på en sliten pappside, som flere andre har gjort nedover gata. ”Norsk uteligger” står det på skiltet til naboen hans. Som om det skulle øke givergleden hos forbipasserende – et aldri så lite, formildende trekk ved en som ellers har lite å skilte med. Norsk. Er i alle fall norsk.

Men han med hunden har ikke noe skilt.

I går kom jeg også forbi. Noen hadde prøvd å stjele sykkelens min, men de hadde ikke helt rukket det. Så dro jeg med meg sykkelvraket hjemover, forhjulet under armen og resten slpende etter meg. Folk på uterestaurantene ropte morsomheter etter meg. Ingen tilbød seg å hjelpe. Ingen andre enn han: ”Harr’u ponkert?” spurte han vennlig da jeg passerte, og jeg forklarte at noen hadde løsnat hjulet for meg, og nå hadde det falt av. ”Ska jæ hjelpe’ræ å setta det på?” spurte han.

For meg var det vennlighet fra uventet hold, og jeg kjente jeg ble glad. Samtidig så kjente jeg også på det ubehaget som jeg kjenner hver eneste dag når jeg passerer de mange hjelpetrengende på min vei – knelende, sovende eller sittende, omgitt av bilder eller strikkevarer. På mange forskjellige måter sier de til meg: ”Gi meg noe!” Og jeg kjenner ubehag når jeg gir, ubehag når jeg ikke gir, og mest av alt ubehag over å leve i en verden hvor noen må tigge andre om livsopphold. Men en slik verden lever vi jo i, en verden hvor mye er urettferdig fordelt – hvor noen har mye, og andre har lite – hvor noen kan overforbruke og ødelegge naturen, mens andre må ta støyten og leve med konsekvensene av dette.

Dette temanummeret handler om rettferdig fordeling, og alle artikler er hentet fra boken ”De åpne henders økonomi: Stemmer fra Korsveibevegelsen”. Korsveibevegelsen har gjennom 30 år vært opptatt av om Gud bryr seg om penger, hvordan velge Gud framfor Mammon og å søke Guds rike framfor rikdommen i denne verden – temaer man ikke lett blir ferdige med. Og i sommer kom altså denne boka. De utvalgte artiklene gir oss både utfordringer og kunnskaper om et tema vi som kirke ikke kan la være å bry oss om.

Gina Gylver er en ungdom med mye på hjertet. Hun spør hva vi voksne tenker og gjør, og minner oss om at det haster.

Fader Christoforos og Hildegunn M.T. Schuff deler erfaringer og tanker om hva som kan skje når fattigdommen kommer nær, både på godt og på vondt. De spør oss hvor vi møter Kristus, og utfordrer oss til å møte blikket til vårt nødlidende menneske – selv når nøden er så ubehagelig nær oss.

Per N. Bondevik er sosialøkonom og daglig leder for stiftelsen Initiativ for Etisk handel. Han deler sin kunnskap med oss om hvordan vi kan forholde oss til globaliseringens janusansikt, den som blant annet har gitt oss så billige varer. Og visst har vi fått med oss at billige varer ikke bare er av det gode. Nei, antakeligvis er de slett ikke av det gode for alle andre enn dem som kjøper dem. Men hvordan forholde vi oss til dette? Og hva kan vi gjøre?

Her er det mye å bli klokere av – resten av boka er herved også varmt anbefalt!

Og jeg kjenner ubehag ...



ANNE GRETE LISTRØM

ANNE.GRETE.LISTRØM@OSLO.KIRKEN.NO

"FRA UNGDOMMEN"

AV GINA GYLVER
GINAGYLVER@GMAIL.COM

Jeg bodde på Madagaskar i ett år da jeg gikk i 3. klasse på barneskolen. Det året bodde vi midt i slummen, i en gate med åpen kloakk og fattigdom på alle kanter. Hvis jeg og brødrene mine var blitt født der, så hadde vi vært døde alle tre. To av oss ble født med hjertefeil, og vi har alle tre tilbrakt svært mye tid på sykehus. Hadde vi vært født inn i en søskenflokk i slummen i Antananarivo, så hadde vi ikke hatt råd til operasjonene. Jeg hadde vært død.

Fra vi er små, får vi høre at alle mennesker er like mye verdt, at vi er alle født like. Men likevel lever vi hver dag som om noen liv er mer verdt enn andre. Vi lever som om vår billige T-skjorte er viktigere enn den jenta som sliter seg ut på å lage den for oss, som om sydenturen vår haster mer enn å redde de tusener av barn som må flykte grunnet klimaendringene. Vi er tilfeldigvis født i den rike delen av verden, med fungerende velferdsstat, et fantastisk utdanningsprogram, en fremtid. Og hver dag lukker vi oss inne i boblen vår, lukker øynene for nøden og lidelsen som også vi har skyld i. Vi må åpne øynene!

Jorda vår, det fantastiske underet som puster og vokser, driver fotosyntese og pollinering, ligger i våre hender. Den er vårt ansvar. Enten vi tenker at det er en Gud som har gitt den til oss, eller ikke, så er den blitt vårt ansvar etter at vi begynte å gjøre som vi ville med den. For det er det vi gjør, vi heldige, privilegerte nordmenn; vi gjør akkurat slik vi vil med kloden, selv om vi deler den med så mange andre. Jeg er bare 13, men jeg har allerede et større CO₂-avtrykk enn en gjennomsnittlig 70-åring fra Madagaskar (hvis de blir så gamle). Kloden vår lider også. Arktis smelter; regnskogen forsvinner; over hundre arter blir utryddet hver eneste dag. Og du vet det. Jeg snakker til deg som kjører bil til jobben når du kunne reist kollektivt, til deg som flyr til Syden om sommeren, og som kaster ubrukt mat i søpla

fordi du ikke rakk å spise den opp før den ble "for gammel". Vær så snill! Jeg ber deg gjøre ord til handling.

For dere er flinke til å snakke, dere voksne. Dere er flinke til å love at alt skal gå bra, at dere skal fikse det til slutt. Men sannheten er jo at de skadene vi påfører jorda, er det ingen som vet hvordan vi skal fikse. Kan du bringe en utryddet art tilbake? Kan du få regnskogen til å gro igjen? Hvis svaret er nei, så må du slutte å late som noe annet. Hvis du sier at alle mennesker er født like, slutt å late som vi behandles likt, og begynn å jobbe for at det skal skje! Hvis du sier at miljø og klima er viktig for deg, ikke lukk øynene og ørene for fakta, men begynn å resirkulere, eller ta andre enkle grep i hverdagen din! Hvis du sier til barna dine at du elsker dem, ikke ødelegg fremtiden deres!

Det er ikke for sent! Vi står ved et vendepunkt. Verdens totale CO₂-utslipp gikk ikke opp fra 2013–2014. *Det gikk ikke opp!* Fra å ha steget og steget i mange år, har det plutselig stanset. Og det er ikke en tilfeldighet. Over hele verden har folk begynt å innse alvoret. Det er demonstrasjoner i gatene, fornybar-satsing, miljøvennlige bygg. Det nytter! Selv om du ikke er politiker, men jobber som reklamekonsulent for et lite firma, så teller din stemme, din støtte. Jeg bruker all tiden min i Natur og Ungdom og Change-maker, og selv om jeg ikke kan stemme, ikke har en høy stilling og ofte ikke blir tatt seriøst, så føler jeg at jeg gjør en forskjell. Og jeg vet at jeg gjør det, ved å være vegetarianer, delta på demonstrasjoner, holde skoleforedrag eller skrive leserinnlegg. Og jeg ber deg om hjelp. Jeg bryr meg ikke om hvilket parti du stemmer på, hvor du kommer fra, hvem du er, men jeg vil at barna mine skal ha en verden å vokse opp i. Gjør en forskjell! For hvis ikke du — hvem? Og hvis ikke nå — når?

NÅR FATTIGDOMMEN KJEM NÆRE Å SJÅ KRISTUS I DEN ANDRE – PÅ GATA

AV FADER CHRISTOFOROS OG HILDEGUNN M.T. SCHUFF
SCHUFF@ANSGARSKOLEN.NO

Du ser ho sitte der; du høyrer det klirre spinkelt i pappkruset; du veit ikkje kor du skal sjå. Det er ikkje det at ikkje du bryr deg. Men kva kan du gjere? Kva hjelper det å leggje nokre kroner i koppen? Utan svar hastar du vidare nedetter gata.

Om du vil byrje ein stad, så løft blikket og sjå ho i auga. Og smil gjerne – frå eit menneske til eit anna menneske.

KVIFOR ER DETTE VANSKELEG?

Naud og fattigdom langt borte er vi vant til, og det er for mange enklare å handtere. Vi kan velje når og kor mykje vi vil ta det inn; vi kan gje til organisasjonar som arbeider for fattige og marginaliserte ”der ute”; vi kan takka Gud for at vi har det så godt her i frededelege, rike Noreg. For det har vi jo – langt dei fleste. Og det verker liksom ryddigare, det velkjende godleiksbyråkratiet – med klare linjer, innsamlingskontroll, dyktige bistandsorganisasjonar og fine bilete av folk som har fått hjelp og er blitt glade og utdanna (At røynda ”der ute” ikkje er så ryddig og enkel som den ser ut herifrå, er ei anna sak. Det har nokon erfart sjølv, og andre fått høyre av dei som har vore der, og så kan vi igjen lene oss ganske nøgde attende på vårt eige høge refleksjonsnivå).

Knut Nærum foreslår i kjent frisk stil at romfolk burde ”erstatte dagens tiggung med en frivillig organisasjon, hvor de kan ansette seg selv, og heller sende ut unge medarbeidere på provisjonsbasis, som kan stansse tilfeldig forbi passerende på gaten og få dem til å skrive under på at de skal gi et fast beløp til romfolket hver måned gjennom et automatisk kontotrekk i nettbanken. Det er

ikke det å gi penger jeg har noe imot, det er den plagsomme direktetheten. Det er romfolkets manglende forståelse for at godhet springer ut av avstand. Det er den ødeleggende mangelen på byråkrati”.¹

Men verda vi lever i, er no slik: Fattigdommen trør oss nærare. Menneske kan flytte på seg raskare og enklare enn før. Grensesamarbeidet i Europa opnar for at finanskrise og arbeidsløyse i sør og øst fører menneske til oss i nord. Så lenge det er store forskjellar i levekår, kjem det til å vere ein av drivkreftene for migrasjon og folkeflytting. Ja, så lenge det finst urettferd i verda, vil vi merke det. Og ville vi i grunnen hatt det på noko anna vis?

Når nokon vil løyse dette ved å forby tiggung, kan ein jo spørja seg: Kan vi ikkje berre forby all fattigdom? Då, så vert vi kvitt det.

Så gjer ikkje fordommene våre saka enklare. Det har synt seg mange gonger at vi har mest medkjensle med menneske som liknar oss sjølv. Og når ikkje vi forstår eller veit, byrjar vi fort å lure: Kva vil dei meg i grunnen? Går pengane til bakmenn? Vil dei ikkje jobbe? Og igjen: Kva kan eg gjere som faktisk hjelper? Og når vi vert usikre, kjem ubehaget, og vi trekk oss unna – ikkje fordi det er rett, men fordi å gjere noko ikkje verker lett.

KVIFOR ER DETTE ENKELT?

Det heilt grunnleggjande er likevel veldig enkelt: Det handlar om menneskeverd. Det handlar om å sjå andre menneske som menneske, enten dei er romfolk, tiggungar eller andre trengjande og arbeidssøkande. Det handlar om å sjå desse men-

neska som *medmenneske* – medmenneske kan vi ha ein relasjon til og møte med respekt, empati, undring og eit ope sinn.

Som den barmhjertige samaritanen kan vi stoppe opp, sjå behovet hos mennesket vi kjem forbi, og møte det som best vi kan: Helle olje og vin i såra, ta han med til ein stad han kan samle krefter og kvile trygt, og finne vegen vidare derifrå.

Vi kan, som nemnt, byrje med å sjå våre medmenneske i auga, rett og slett helse på dei som tiggjar, og slik anerkjenne dei som menneske.

Dernest kan vi skaffe oss kunnskap – som det at ”romfolk” og ”folk frå Romania” ikkje er det same. Vi kan lese og undersøke og finne ut at roma/romfolk eller sigøynarar² er ein marginalisert minoritet i Romania og i andre land dei lever i og kjem hit frå. Då vil vi oppdage at rom også er anerkjent som ein nasjonal minoritet i Noreg, at det har vore romfolk i landet i fleire hundreår – at folk på gata og i køane for overnatting, suppe og arbeid kjem frå mange land og folkeslag, med kvar sin livshistorie – at forskarar ikkje har funne grunnlag for å hevde at det er organiserte bakmenn bak tigginga i norske gater – at folk på gata, som alle andre folk, kan vere meir eller mindre venlege, meir eller mindre kriminelle, meir eller mindre slitne og slitsame, meir eller mindre slik og sånn. Om ein vil lære seg romspråket eller meir om romfolkets eller andre folkeslag sin kultur, finst det materiell der ute. Og den beste måten å lære på, både om språk og kultur og om alle dei einskilde skjebnane, er å byggje relasjonar med menneska det gjeld. Kanskje tør du tilmed prøve å helse med eit ”Sastimós!” (”Hallo”, ”ver helse”) – eller seie ”Devlé-sa” (”Gå med Gud”) før du går vidare?

Relasjonar dannar altså grunnlaget. Så kan dei konkrete handlingsalternativa vere forskjellige, og skje på ulike nivå – personleg, overfor enkeltmenneske – eller meir på systemnivå – i kommunen eller gjennom organisasjonar og politisk arbeid. Tidsperspektivet kan vere kortsiktig eller langsiktig: Kor kan heimløyse menneske sove denne kalde vinternatta og korleis kan dei få eit stabilt livsgrunnlag og inntektsnivå, samt eigen permanent bustad?

RELASJONAR

Det er ikkje berre éi løysing på fattigdommen nær oss, men vår hovudtilråding er å *byggje relasjonar*. Alle relasjonar, all hjelp og omsorg, alt samarbeid inneberer risikoen for at alt ikkje vert som planlagt. Og nett som planlagt vert det neppe; det har vi sjølv erfart. Men risikoen er eit teikn på noko sunt: Vi gir frå oss litt av kontrollen, litt av makta, i møtet med den andre.

Vi veit at relasjonsbygging kan vere utfordrande når det er ein openbar ubalanse i makt og velstand mellom to parter. Det har både personlege erfaringar og bistandshistoria vist. Det kan vekkje motstridande kjensler når ein som ein hadde på middagsbesøk i går, rekkjer fram koppen og ber om pengar nett som i sist veke. Kan ein ha både eit venskap og ein slags hjelperelasjon på ein gong? Og dei vi ynskjer å hjelpe, må òg hjelpe oss – det handlar om å forstå, sjå røynda i auga, gå saman. Men kallet vårt er framleis, uansett posisjoner, dilemma og omstende, å ta imot den andre (Matt 25,36) og å elske vår neste som oss sjølv.

Eit døme på ein slik relasjon fortalde Marte Rostvåg Ulltveit-Moe om i Korsvei 2/2012.³ Marte er naturvernar og har vore på fleire Korsvei-festivalar. Ho har fått ein ven på gata, Michaela, og fortel om venskapen slik:

Jeg har fått en ny venn som heter Michaela. Hun jobber i Kristiansand sentrum, og det gjør jeg også. Jeg har en sønn, og det har Michaela også. Jeg liker best fint vær og solskinn, og det er Michaela helt enig i. Michaela er glad i reddiker, og det er jeg også.

Når jeg treffer Michaela, gir vi hverandre en klem. Så prater vi litt om været og hverdagen. Og så gir jeg henne 50 kroner. Michaela er nemlig tigger. Jobben hennes er å sitte på gata i Kristiansand og tigge penger.

Da jeg vokste opp, var nøden langt borte. Vi unge arrangerte basarer til inntekt for Redd Barna, men hadde et rent teoretisk forhold til “de stakkars barna i Afrika”.

Mine barn vokser opp i den samme byen, men nå sitter det fattige mennesker og fryser på gata og ber om småpenger. Vi synes synd på dem. Vi synes ikke det er greit med tigging. Men hvordan skal vi forholde oss til menneskene som tigger?

Jeg kan ikke gi penger til alle som tigger. Det går bare ikke. Jeg må betjene mitt eget boliglån, og jeg har ikke lyst til å være et vandrende sosialkontor. Derfor har jeg valgt meg ut én tigger. Hun får femti kroner hver eneste gang hun ser meg. Ved å bli litt kjent med denne ene tiggeren er hun ikke lenger bare en tigger. Hun er Michaela, og vi har fått en relasjon. På tross av språkproblemer kan vi snakke om både været, ungene og matlaging.

Jeg vet ikke om dette er en god løsning for alle. Selvsagt er det urettferdig – jeg hjelper én person, men sier “beklager” til alle de andre med samme yrke. Men denne relasjonen utgjør en forskjell for meg. Den utgjør en forskjell for Michaela også. Det er veldig viktig å jobbe politisk for at tiggerne skal få bedre boforhold, og at ungene deres skal få gå på skole. Men det er også viktig å møte mennesker med verdighet, selv om yrket deres er å sitte i gågata og be om litt av vår overflod.

GODLEIK FRÅ UVENTA HOLD

Så møter vi Maria Filipina på gata. Ho sit på den vante plassen sin. Dottera vår spring bort og gir ho ein klem, som ho pleier. Vi pratar litt om korleis det går, med ord frå diverse språk, gestar og ansikt – det har vore mykje regn i det siste. Maria gir så femåringen nokre kroner frå koppen sin – som ho pleier. Nokre gonger har ho ein tyggis eller ein slikkepinne til ho. Og alltid eit smil og ein klem. Godleik frå uventa hold?

Marte, som vi hørte frå over, kan òg fortelje om tenestene hennar venn Michaela gjer for ho: “Hun har jo øynene ute i byen, så hun kan fortelle meg om dattera mi har gått hjem fra skolen i dag eller ikke, om hun var sammen med noen, og om hun var glad eller lei seg. Jeg synes det er fint at noen midt i byen bryr seg om min tynne, lyshåra 10-åring der hun vandrer gjennom gatene.”

Den utstøytte som vert eit førebilete i å vere raus – minner ikkje det om noko vi har høyrte før? I Lukas 10,25–37 finner vi evangelieteksten om den barmhjertige samaritanen.

Dei som har vært mykje i kyrkja, har nok høyrte denne teksten mange gongar. Vi skal no sjå litt på dei forskjellige menneska som er med i historia, og kva vi kan lære av dei.

Mannen som vart overfallen, veit vi ikkje så veldig mykje om. Det står berre at det var ein mann som skulle frå Jerusalem og ned til Jeriko. Røvarane veit vi òg lite om – dei som venta langs vegen og nok tenkte at her kunne dei få eit utbytte, at han hadde nokre verdisaker de kunne stele.

Når så mannen ligg der skamslått, kjem ein prest forbi, kan hende på veg til Jerusalem. Han var ein av dei som tente i tempelet. Han skulle ha visst betre. Han kjente det dobbelte kjærleiksbodet, som også står i Det gamle testamentet – men han gikk forbi.

Så kjem det også ein levitt forbi. Han var ein tempeltenar – hadde det vore i ei kyrkje, kunne han ha vore diakon. Han var òg ein representant for trua og måtte ha kjent til det dobbelte kjærleiksbodet.

Og det var jo nettopp dette som var utgangspunktet for heile likninga: Samtalen der den lovkyndige spurde Jesus kva han godt han skulle gjere, og sjølv svarte: *Du skal elske Herren din Gud av heile hjartet ditt og av heile sjela di og av all krafta di og av all forstanden din, og din neste som deg sjølv.* Også denne lovkyndige som kom til Jesus, visste egentlig kva han skulle gjere. Og i likninga møter vi to menneske som kjenner skriftene og veit korleis dei skal forholde seg til andre menneske – men som ikkje gjer det. Dei ser ei sjanse til å gjere det gode, men vel vekk å handle med nestekjærleik. Dei går forbi.

Men så kjem det ein samaritan. Kristus var nok ganske bevisst på at han fortalde om nettopp denne mannen. For kven var ein samaritan? Det jødiske folket ville ikkje ha omgang med disse menneska. Dei ville ikkje verte sett saman med dei. Dei var utstøytte og ureine. Så vel Kristus å ta fram dette mennesket – ein heidning, frå ein jøde sin synsvinkel – som førebilete for oss.

Så ser vi kva dette ”ureine” mennesket gjer: Han heller olje og vin i sára til mannen i naud, og binder om dei. Så høyrer vi vidare at han tar ham med til herberget og betaler så den skamslåtte mannen kan få lækja sára sine. Han sørgjer for ein heilt framand mann. Denne utstøytte vert eit førebilete på Guds kjærleik.

KOR MØTER VI KRISTUS?

Eg (fader Christoforos) var ein gong på det heilage fjellet, som det kallast – Athos, ei halvøy i Hellas med mange kloster. Eg hadde gått heile dagen for å komme til eit kloster heilt i enden av halvøya. Der såg eg eit ikon, ei slags teikneserie om ei velkjend forteljing: Ein mann går ut frå ein by; han går på vegen; han blir overfallen. Så ser vi samaritanen som hjelper han.

Og der gikk det opp eit ljøs for meg. For kven var samaritanen i ikonet? Det var Kristus. Denne utstøytte, ureine som hjelpte sin neste, han var Kristus sjølv. Han kunne også vore han som vart slått og rana, men var her malt som samaritanen. Dette synar oss at Kristus er i alle, og vi skal sjå Kristus både som den som tigger, og som den rike mannen, som han som er på veg, til og med som røverane. Det gjeld å sjå Kristi nærvær i alle

menneske, om dei fortener vår velvilje eller ikkje.

Han er ulogisk, denne bodskapen. Vi er kalla til ulogisk nåde. Vi er kalla til ei miskunn som ikkje teller kroner og øre. Vi er kalla til ei anna form for rettferd – Guds rettferd, den rause, kjærlege.

Lat oss ta denne historia med oss. Når vi går ut på gata, lat oss tenkje på korleis vi kan vere meir miskunnsame – ikkje berre mot dei fattige, men i våre egne familiar, på arbeidsplassen, når vi vil sette folk på plass. Kan vi gjere det i kjærleik? Ville ikkje det vere det største vitnesbyrde, om vi kan komme med sanninga – i kjærleik, late liva og handlingane våre spegle kor raus, miskunnsam og kjærleik vår Gud er. *Ver miskunnsame, slik Far deira er miskunnsam* (Luk 6,36).

FORSLAG TIL HANDLING

Vi har sett Frelsesarmeen, Bymisjonen, frikyrkjer, pinsevenner, statskyrkjefolk, ortodokse, politikarar, næringslivsfolk, og enkeltmenneske med og utan kyrkjeleg tilknytning som vil dei fattige nær oss vel. Her vil vi nemne nokre døme på kva folk har gjort og kva vi kan gjere:

- Arbeide for eller vere med og drive vintovernatting, sanitæranlegg og andre ordningar som skal sikre eit minimum av verdige levekår. Då dette vart satt i gang i Kristiansand, var ein del bekymra for at det skulle trekke fleire tiggjarar til byen. Det har det ikkje gjort. Det ser ut til at dei færreste flytter over landegrensar eine og aleine for å få gå på do.
- Støtte fattigdomsnedkjempande arbeid i Romania eller andre opphavsland, i samarbeid med organisasjonar som Kirkens Nødhjelp eller Caritas, eller lokale kyrkjelydar og foreiningar. Det er ikkje alltid så enkelt å få til eit arbeid knytt til akkurat dei stadane familiarne som kjem til din by, er frå, men det er nyttig å sjå kåra i Noreg og opphavslandet i samanheng. Det gjer dei fleste tiggjarar og reisande sjølv – dei lever liva sine både her og heime hjå familien.

- Hjelpe dei med å orientere seg i forhold til ordningar, rettar, lovar og kultur: Korleis kan borna som er med, få gå på skule? Korleis startar ein eit enkeltmannsføretak eller eige firma som kan ta arbeidsoppdrag? Korleis er det klokt å te seg overfor norske menneske og storsamfunnet, for å kunne både leve godt saman og betre levekåra sine når ein treng det?
- Tilby korte arbeidsoppdrag (rydding, maling, hagearbeid, reingjering, fruktplukking...). Gje opplæring der det trengs (Dette har vorte gjort til dømes i strikking så romkvinner kan selje egne produkt på gata). Sjekke skattereglar og dele informasjonen.⁴ Tilby eller hjelpe til med å finne bustad på lengre sikt, helst kombinert med at små eller større arbeidsoppdrag kan gje inntekt som dekker bukostnadane. Det er diverre ikkje enkelt å få leie bustad om ein kjem frå visse land eller folkeslag – då kan eit medmenneske med majoritetsbakgrunn bruke netverket sitt, vere med på visning, vurdere å stille betalingsgaranti i ei overgangsperiode, og bokstaveleg talt opne dører til ein bustad.

MØTE BLIKKET

Fattigdommen er nær oss, ansikt til ansikt – og det utfordrar oss alle. Ja, det er økonomiske strukturer og kulturforskjellar og maktubalanse og ubehag inne i biletet, så dette er ikkje heilt enkelt. Som i alle relasjonar følgjer det risiko med. Men bygg relasjonar likevel! Det er ikkje så komplisert eller skummelt som vi har lett for å tru. Og risikoen som følgjer med, høyrer kan hende disippellivet til?

Om det ikkje finst enkle løysingar, er det viktigaste enkelt: Tiggaren er eit medmenneske. Kristus møter oss i den andre, også på gata. Møt blikket hans!


¹ Knut Nærum, "Rom for forbedring," Dagbladet, 27.07.2012, http://www.dagbladet.no/2012/07/27/kultur/debatt/kommentar/knut_nerum/romfolket/22708521/.

² Det er mange ulike meiningar om kva som er det rette namnet, og det finst òg fleire ulike grupper. I denne teksten brukar vi mest "rom" fordi dei fleste vi kjenner frå gruppa brukar det sjølv.

³ Marte Rostvåg Ulltveit-Moe, "Min venn Michaela," Kors:vei nr 2. (2012), 13.

⁴ Privatpersonar kan i skrivande stund skattefritt betale ein enkeltstående arbeidstakar inntil 4000 kroner per år, bedrifter inntil 2000 kroner.

luther



KIRKELIG ÅRSKALENDER 2016

169,-

Kirkelig årskalender er en klassiker! Her finner du en kombinert klassisk almanakk med bibeltekster knyttet til kirkeåret. Markeringen av de kristne merkedager gir dagene innhold med søndagen som ukens sentrum. Her finner du også en oppdatert kontaktliste til kristne virksomheter.



DAGSORD 2016

139,-

Denne kalenderen er gjennom årene blitt en klassiker. Fin på kjøkkenveggen, over skrivebordet eller hvor det måtte være. Vakre og profesjonelle naturfotografier for hver måned. Bibelord for hver dag i forlengelsen av søndagens tekster.

Kjøp kalenderne på www.lutherforlag.no eller hos din lokale bokhandel.

www.lutherforlag.no

FORDI DEI FORTENER DET – KVEN BETALAR PRISEN FOR VÅRE BILLEGE VARER?

AV PER BONDEVIK
PER@ETISKHANDEL.NO

Men høyr: Ho ropar høgt, den løna de heldt att frå arbeidarane som skar åkrane dykkar, og klageropet frå dei som haustar inn, har nådd fram til Herren Sebaots øyre. I luksus og overflod har de levd på jorda og gjort hjarta dykkar feite til slaktedagen.


Den gode sida av globaliseringa er at mange millionar har fått arbeid, og me har fått billegare varer. Den grelle baksida er at delar av vår velstand er betalt av dårleg betalte arbeidarar og ureina lokalmiljø langt herifrå. Er me som jordeigarane på Jakobs tid – og ikkje betalar for oss? Eller bidreg me til ei rettferdig fordeling av velstanden gjennom at vårt forbruk sikrar sårt tiltrengte arbeidsplassar for millionar av fattige?

GLOBALISERINGA SITT JANUSANSIKT

Figuren nedanfor er henta frå Statisk Sentralbyrå 2014 – og kva syner han? At prisane har gått jamt og trutt oppover dei siste 40 åra, men med eit

ikkje uvesentleg unntak: Prisane på klede og sko i Noreg er dei same i februar 2014, som dei var i februar 1981. Samstundes veit me at so godt som heile den (vest)europiske produksjonen i den same perioden vart avvikla, og for ein stor del flytta til Asia. Medan det tidlegare vart konfeksjonsfabrikkar på kvart eit nes i delar i fjord-Noreg, er det i dag i beste fall fabrikkutsal som står att. Fabrikkane er ikkje der lenger; mange av dei ligg no i Kina, Vietnam, Kambodsja og Bangladesh.

Det store skiftet skjer mot slutten av 1990-talet, og då mest for klede og sko. Grafen syner tilsvarande tendensar ogso for to andre varegrupper – møblar og matvarer. Her er ikkje tendensen like klar, men det er likevel ingen tvil om at desse er relativt sett vesentleg rimelegare i 2014 enn dei var i 1979. Ein del av dette kan forklarast med produktivitetsforbetringar og kraftig pris-



vekst i bustadmarknaden, men det er liten tvil om at globalisering av vareproduksjon er ein sentral forklaringsfaktor. I denne samanhengen vil me avgrensa fokuset til koplinga mellom oss og dei som er involverte i – eller berørte av – den globale produksjonen av varene me kjøper.

VENDEPUNKTET

Vendepunktet for prisveksten innan tekstil og sko fell saman med eit markant skifte i fokuset på arbeidsvilkåra i produksjonen av forbruksvarene våre. Media og sivilsamfunnsorganisasjonar avslørte uverdige arbeidsforhold i mange sektorar, frå tekstilar og jordbruksprodukt til stein og etter kvart elektronikkindustrien. Me har sett avsløringar av tvangs- og barnearbeid med burmesiske flyktingar i grenseområda mellom Thailand og Burma tidleg på 2000-talet; nokre år seinare sette Forbrukarinspektørane på NRK søkelyset på koplinga mellom mobiltelefonar og den blodige konflikten i Kongo. Både BBC og Aftenposten har teke med seg ungdomar til sokalla lågkostland og gjeve dei ein liten smakebit av kvardagen til arbeidarane i mellom anna tekstil- og næringsmiddelindustrien. På det internasjonale planet var slutten av 1990-talet tida då fagrørsla, FN sin organisasjon for arbeidstakarrettar (ILO) og sivilsamfunnet arbeidde fram den internasjonale konvensjonen mot dei verste formene for barnearbeid (ILO 182), der mellom anna vinnaren av Nobels Fredspris i 2014, Kailash Satyarthi, spelte ei viktig rolle. Avsløringar om barnearbeid i global produksjon var ein viktig årsak til at ein såg behovet for å styrka det internasjonale, normative rammeverket i ein stadig meir globalisert økonomi.

Ein fellesnemnar for avsløringane var, og er, at produksjonen av daglegdage ting skjer på ein måte som dei fleste av oss ikkje er komfortable med – dersom me visste om det. For dei aller fleste av oss veit ikkje, eller vil ikkje vita, kva som gøymer seg bak det behagelege faktum at klesprisane ikkje er høgare i dag enn for 33 år sidan, eller at me har råd til å stadig fornya, og gjerne utvida, samlinga vår av leiketøy, elektronikk og verktøy. Det er ogso eit faktum at størstedelen av både kirurgiske instrument og medisinar kjem

frå lågkostland; næringsmiddel- og bygningsindustrien hentar ogso vesentlege delar av sine innsatsvarer derifrå.

Samstundes har me her til lands ein velstand ingen annan generasjon har vore i nærleiken av. På 70-talet var det eksotisk å kjenna nokon som hadde vore i Syden; i dag er det langt meir vanleg å ha ei leilegheit der. Det gjer at formaninga frå Jakob vert utriveleg aktuell: Lever me i luksus og overflod medan arbeidarane som produserer store deler av det me forbrukar, slit med å skapa seg eit anstendig liv for seg og familien sin?

ARBEIDSPlassAR ELLER UTNYTTING?

Er det eigentleg problematisk at me har flytta industriproduksjonen vår frå Vesten og til land med stor tilgang til arbeidsviljuge hender? Eller at mange fattige med stort behov for ei inntekt til å brødfø familiane sine har fått jobb? Er det ikkje både verdig og rett at me kan bidra til sårt tiltrenge arbeidsplassar? Og at fattige land kan utnytta sine komparative fortrinn – billeg arbeidskraft – for å skapa økonomisk vekst og velstand for innbyggjarane sine?

Det er vanskeleg å svara nei på desse siste spørsmåla. Alle land har rett – og plikt – til å arbeida for velferd og tryggleik for innbyggjarane sine, ogso økonomisk. Eksportindustrien har gjort sitt for å skapa millionar av arbeidsplassar i mange land. Det sentrale spørsmålet her er i kor stor grad dette faktisk kjem arbeidarar, og lokalbefolkninga, til gode. Er det slik, som mellom andre utanriksminister Børge Brende hevdar, at dei hundrevis av millionar av arbeidsplassar som globaliseringa har skapt ogso har løfta det mangedobbelte ut av fattigdom? Eller er det derimot slik at profittjagande rovdrift på lokalmiljø og arbeidarar til beste for vestlege forbrukarar øydelegg livsgrunnlaget for fattige i utviklingsland?

Mange arbeidarar har fått eit betre liv for seg og sin familie etter at dei fekk jobb på ein fabrikk som produserer varer for oss. I Bangladesh, til dømes, sysselset den eksportretta klesindustrien nærare fem millionar menneske; for 30 år sidan var talet om lag 100 000. På sektoren sitt eige toppmøte i Dhaka i desember 2014 var ambisjonen klar om at eksporten skal doblast innan

2021, med tilsvarende mange nye arbeidsplassar i eit av dei fattigaste landa i verda. I Kina har det vorte skapt fleire hundre millionar jobbar etter- som stadig større delar av den globale produksjonen av forbruksvarer er flytta dit.

Samstundes er det ingen tvil om at varene for ofte er laga under det me gjerne kallar uanstendige arbeidsvilkår, i strid med internasjonale konvensjonar og nasjonal lovgjeving når det gjeld til dømes arbeidstid, overtidsbetaling og HMS. Eit ekstremt døme på det siste er tragedien på Rana Plaza i utkanten av Dhaka, Bangladesh, 24. april 2013, då 1127 tekstilarbeidarar omkom etter at fabrikkbygningen dei arbeidde i rasa ned over hovudet deira.¹ Det same er slaveliknande vilkår for tomatplukkarar i Sør-Italia omtalt av Aftenposten i både 2013 og 2014.

På miljøsidea ser me at både luft, vatn og jordsmonn vert øydelagt som fylgje av produksjonen, med negative fylgjer for både menneske, planter og dyr. Forureining av lokalmiljø og konflikt med lokalbefolkning om tilgang til land og naturressursar er andre velkjende problemstillingar der interessemotsetnader mellom (global) industri og lokalbefolkninga manifesterar seg. Ei undersøking frå 2009 fann alarmerande tal då dei såg på det som etter dei offisielle dokumenta var reinsa utslepp av vatn frå ein fabrikk som tok imot ureina vatn frå 90 indiske medisinfabrikkar². Det som kvar dag vart slept ut av tilsynelatande reinsa vatn, inneheldt nok antibiotika til dagleg behandling av 90.000 menneske.³ Desse indiske fabrikkane produserte for eksport til den globale marknaden, høgst sannsynleg ogso til den norske.

Det er brei semje om at lønsnivået for særleg ufaglært arbeidskraft innan både tekstil-, elektronikk- og jordbrukssektoren i mange land manglar mykje på å vera nok for å sikra eit anstendig liv for arbeidarane og familiane deira. Etter at dette tradisjonelt sett har vore eit tema der kampanjeorganisasjonar og media har vore dei mest aktive i kampen for leveløn, ser me no at ogso næringslivet i aukande grad erkjenner at dette er eit tema ein ikkje kjem utanom. Rapporten *Living wages in global supply chains – A new agenda for business*⁴ sler fast at ”doing

nothing is no longer an option”, med mål om at prisen me betalar, må inkludere anstendige løner – sjølv om det ogso skulle innebera at me som forbrukarar må betala meir for varene.

VÅRT ANSVAR – INDIVIDUELT ELLER SOM SAMFUNN?

Ein reknar med at mellom 27 og 35 millionar menneske er fanga i moderne slaveri. FN sin internasjonale arbeidstakarorganisasjon (ILO) estimerte i 2014 at det finnst om lag 800 millionar arbeidande fattige.⁵ Det betyr at dei arbeider fast utan å koma seg ut av fattigdommen. Mange av desse har ei kopling til oss ved å vera ein del av verdikjeda til mykje av det me brukar.

*Ho ropar høgt, den løna de heldt att frå arbeidarane som skar åkrane dykkar, skriv Jakob i sitt brev*⁶.

Sjølv om lønene er uakseptabelt låge, kva har det eigentleg med oss å gjera? Er det ikkje ein sak for dei lokale styresmakter og dei som tilset arbeidarane? Det er ingen tvil om at svaret på begge desse spørsmåla er ja, men som drøftinga ovanfor syner, er det gode argument for å hevda at delar av vår velferd er subsidiert av underbetalte arbeidarar og lokalsamfunn. Manglande reinsing av spillvatn frå medisinfabrikkane i India gjer varene rimelegare, medan prisen for helsefarleg vatn for menneske, dyr og plantar vert betalt av lokalbefolkninga rundt fabrikkane. Kombinasjonen av låge løner og lange arbeidsdagar bidreg til rimelege klede for oss (Her er det på sin plass med ei lita presisering: Det er ingen eintydig samheng mellom låge utsalprisar og dårlege arbeidsvilkår; dyre og rimelegare klesplagg kan gjerne vera laga på same fabrikk).

I Jakobs brev er det eit klart fokus på korleis me skal omsetja dei etiske prinsippa i den kristne trua i praktisk handling. Sjå Jak 2,26 der han seier at ei tru utan handlingar er ei død tru! I vers 5,4 rettar brevet ein kraftig peikefinger til jordeigarar som ikkje betalar arbeidarane deira rettmessige del. Her er det klar tale om at slikt er heilt uakseptabelt og noko Herren Gud ikkje ser på med blide auge.

Sjølv om mykje i dagens samfunn er endra, er

det grunnleggande i menneskenaturen ved det same: Dei som har makt, har ein tendens til å utnytte denne, meir eller mindre medvite og systematisk.

Jakob sin kontekst var eit sterkt klassesdelt samfunn der alle visste kven som hadde makt (jordeigarane), og kven som burde vera takksame for ein kvart høve som baud seg for å skaffa eit sårt tiltrengt inntekt (dagarbeidarane). Det er grunn til å anta at det sto heller svakt til med fagorganisering på den tida; det var neppe noko velfungerande arbeidstilsyn heller. Dette er ein situasjon me finn klare parallellar til i mange av dei landa som produserer for oss i dag, med underskott på (vel)fungerande fagrørslar og arbeidstilsyn.

Trass i at jordeigarane på Jakob si tid var skulda for å velta seg i luksus på bekostning av arbeidarane, var det likevel lettare å sjå sammenhengen mellom hausting (produksjon) og forbruk enn for mange av dagens forbrukarar.

JAKOB I DAG

Den same tankegangen som me finn hjå Jakob, finn me att i det som dei siste 10–15 åra har vakse fram i skjæringspunktet mellom menneske- og arbeidstakarrettar, etikk og næringsliv innanfor rammene – og utfordra av – globalisert produksjon og handel. Det handlar om ei erkjenning av at det er korkje rett eller berekraftig at global produksjon skjer i strid med grunnleggande menneskerettar, på tvers av internasjonalt aksepterte standardar for arbeidsvilkår og ofte ogso i strid med nasjonale lovverk på arbeidstakar- og miljösidan – og om ei forståing om at måten å møte desse utfordringane på måtte tuftast på eit breitt samarbeid mellom næringsliv, fagrørsla og sivilsamfunnsorganisasjonar. Mot slutten av 1990-talet gav dette seg utslag i opprettinga av fleire fleirpartsinitiativ⁷ som samla aktørar frå desse tre sektorane med eit mål om å samarbeida om å betra vilkåra for arbeidarane i lågkostland.

”ETI was created in 1998 by a small group of visionaries who believed in the power of collective action to make a difference to the lives of workers in companies’ supply chains.”

Eit fellestrekk for desse initiativa er ei klar forståing av at vegen framover handlar om forbettringsarbeid, og at boikott er ein siste veg ut.

Eit moment i dette biletet er at vestlege merkevareselskap i særskild grad eig fabrikkane eller plantasjonane der produksjonen skjer. Det inneber at det handlar om forretningsrelasjonar mellom – i prinsippet – uavhengige selskap, der det eine produserer, og det andre kjøper inn for vidare sal til forbrukarane. I praksis er biletet sjølvsgatt mykje meir nyansert, der produsent og innkjøpar (dei kjende merkevareselskapa) begge er avhengig av kvarandre, om enn ikkje meir enn at innkjøparane har eit stort tilfang av moglege leverandørar dei kan velja mellom. Merkevareselskap, som agentar for oss forbrukarar, har samla sett stor makt som kunde og representant for den rike delen av verda. Med makt fylgjer ogso ansvar – næringslivet sitt samfunnsansvar. Og storsamfunnet sine forventingar til kva dette inneber, har endra seg markant. Går me nokre få tiår attende, var spørsmålet om bedriftene i det heile har eit ansvar utover å skapa sikre arbeidsplassar, betala sin skatt og operera innanfor lova. Samfunnsansvar vart ofte definert som filantropi med støtte til gode tiltak som ikkje hadde noko tilknytning til næringsverksemda i det heile. I dag er dette endra dramatisk. På det internasjonale plan sler både OECD⁸ og FN⁹ klårt fast at næringslivet har eit ansvar for å driva verksemda si slik at dei ikkje medverkar, direkte eller indirekte, til brot på menneskerettane til dei som vert påverka, anten i eiga verksemd eller gjennom leverandørkjeda. Det same gjeld for miljø og korrupsjon. Bedriftene har dette ansvaret ogso i land der nasjonalstaten ikkje evnar, eller vil, sikra rettane til sine innbyggjarar.

Kofi Annan var i si tid tydeleg på at me ikkje kan utrydda fattigdom utan at næringslivet er med på laget. Det er det lett å vera samd i. Det finnst mange gode døme på bedrifter som arbeider aktivt for å forbetra vilkåra til arbeidarane som lagar produkta dei sel vidare til oss. Det finnst mange fabrikkar og plantasjonar der arbeidsforholda er anstendige og gode. Men det finnst ogso dei som meiner det er for vanskeleg, for stort og for komplisert å gjera noko med; nokre

ser heller ikkje at det er deira ansvar. Heldigvis vert det stadig færre av dei siste. Undersøkinga ”Den etiske forbruker 2013”, som Initiativ for Etisk Handel gjorde saman med IPSOS MMI i 2014, synte at folk flest har ei klar forventing om at næringslivet, og det offentlege, aktivt bidreg til beste for arbeidarar og lokalmiljø i lågkostland.

Eit viktig tema som særleg Initiativ for Etisk handel og Framtiden i Våre Hender har arbeidd aktivt for i fleire år, er å stille større krav til det offentlege innkjøp. I Noreg, som i mange andre land, er det offentlege samla sett den største innkjøparen av varer og tenester; her til lands handlar det om 400 milliardar kroner årleg. Målet er at det vert stilt krav om etisk handel i offentlege innkjøp for å sikra at ein i minst mogleg grad bidreg til uverdige arbeidsforhold i produksjonen av dei varene som vert kjøpt inn. So langt er det eit ytterst lite mindretal som gjer dette, men på spørsmål frå SV i Stortinget lova Nærings- og fiskeriminister Monica Mæland i februar 2015 om kort tid å fremma eit lovframlegg som tydeleggjer korleis slike krav kan stillast i offentlege innkjøp. Det skjedde den 18. mars, med ordlyden ... *oppdragsgivere skal ha etablert rutiner for å ivareta hensynet til grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter.*¹⁰ Saman med EU sitt nye innkjøpsdirektiv som peikar i same retning, er det ingen tvil om at næringslivet vil måtta ta dette på alvor, og at det dermed frå samfunnet si side er ei klår forventing om at menneskerettsomsyn skal vera ein integrert del i det å driva næringsverksemd.

BOIKOTT ELLER FORBETRINGER?

Når uakseptable arbeidsforhold vert avdekka, er det for mange nærliggjande å tenkja boikott; dette vil eg ikkje ha noko med å gjera; eg sluttar å handla frå butikk X og går heller ein annan stad. Eit sentralt etisk spørsmål her er kven og kva som er føremålet med handlinga. Er det å vaska mine egne hender som Pilatus i si tid gjorde, for å døyva eige samvit? Eller er føremålet å handla til beste for arbeidarane? Det er liten tvil om at Jakob hadde svart ja på det siste spørsmålet. Handlingsvalet mitt bør vera styrt av kva

som gagnar den svake part, i dette tilfellet millionar av arbeidarar. Men kva er det?

I jungelen av merkeordningar, berekraftige og etiske produkt, kompleksiteten i global produksjon og det innebygde kompasset dei aller fleste av oss har for å bruka minst mogleg pengar på mest mogleg, korleis skal då den medvitne forbrukar handla? Kva informasjon finnast, som kan hjelpa oss til å ta dei gode vala?

Informerte forbrukarval kan baserast på bruka anerkjende produktmerkeordningar som til dømes Fairtrade, Utz og Rainforest Alliance. Der dette er tilgjengeleg, er det noko me alle kan gjera, både individuelt og gjennom arbeidsplassen. Desse ordningane dekkjer imidlertid langt frå heile varespekteret, og i liten grad samansette produkt. For å bøta på det må me ty til kunnskap om dei ulike merkevarene og enkeltbedriftene. Kva formidlar dei om menneskerettar og etisk handel? Har dei forplikta seg på klare målsetjingar om å integrera dette i verksemda si? Korleis arbeider dei for å få dette til? Åleine eller saman med andre? Generelt sett er det ein styrke at bedrifter samarbeider med både fagrørsla og sivilsamfunnet, anten det no skjer bilateralt eller i fleirpartsorganisasjonar som Initiativ for Etisk Handel, sidan dette sikrar at andre interesser enn dei reint økonomiske vert lagt vekt på. Det er ogso på si plass å nemna at bedrifter, i etterkant av kampanjar, har nemnd at det ikkje alltid skal so mange e-postar og telefonar til om eit spesifikt tema før det løftast på dagsordenen internt i selskapet. Sjølv om kjøpsvalet til den einskilde har avgrensa effekt, er det ingen tvil om at forbrukarmakta samla sett er stor; det er heller ingen tvil om at kampanjar har vore viktige for å setja søkelyset på kritikkverdige forhold og er ei drivkraft for at næringslivet tek tak i dei.

Kvifor skal bedriftene gje kundane høve til å kjøpa varer som er produsert under uakseptable forhold? Bør ikkje nettopp det vera eit ansvar bedriftene tek –ikkje å lata kunden velja mellom etisk og uetisk, rettferdig og ”urettferdige” produkt? Og kva med den enkelte av oss på arbeidsplassen, anten me er i næringslivet, det offentlege eller i organisasjonsverda. Kan me bidra til at våre innkjøp, anten det er til eige bruk eller for vidare-

sal, vert gjort på ein måte som støttar opp under rettane til dei som har laga varene?

Undersøkinga "Den etiske forbruker 2013" syner at folk flest har ei klar oppfatning om akkurat dette. Eit stort fleirtal meiner det er viktig at varene som vert kjøpt inn på eigen arbeidsplass, er produserte under anstendige forhold. Meir alarmerande er det at over halvparten trur at dette ikkje er tilfelle på sin eigen arbeidsplass i dag.¹¹

Ei viktig utfordring til oss alle er å sørgja for at dette endrar seg, i det minste på akkurat vår arbeidsplass. Det finnst mange gode døme på at enkeltpersonar, anten det no er leiarar, innkjøpsansvarlege eller andre eldsjeler¹², kan ha stor innverknad på korleis verksemda opererer. Ved å stilla krav til leverandørar, søka samarbeid med andre liknande verksemdar og gjennom eigen innkjøpspraksis syna at ein meiner alvor, vil dette utvilsamt bidra til å sikra anstendige arbeidsvilkår for mange av verdas arbeidande fattige. Slik at det vert færre av dei.

FOR MEIR INFORMASJON:

Initiativ for Etisk Handel: www.etiskhandel.no.

Ethical trading Initiative (UK): www.ethicaltrade.org.uk.

Dansk Initiativ for Etisk Handel www.dieh.dk.

Fair Wear Foundation: www.fairwear.org.

Framtiden i Våre Hender: www.framtiden.no.

<http://www.cleanclothes.org/livingwage/asia-floor-wage-by-country>.

¹ <http://www.ethicaltrade.org/news-and-events/blog/stirling-smith/rana-plaza-six-months-on>.

² <http://www.washingtontimes.com/news/2009/jan/26/worlds-highest-drug-levels-entering-india-stream/?page=all> (vitja 20. mai 2015).

³ <http://www.nature.com/news/2011/110216/full/news.2011.46.html>.

⁴ Samarbeid mellom IEH, DIEH og ETI. Se <http://etiskhandel.no/Artikler/11928.html>.

⁵ ILO. 2014a. *Global Employment Trends 2014: Risk of a jobless recovery?* (Geneva).

⁶ <http://www.clb.org.hk/en/content/child-workers-wages-withheld-year>.

⁷ Social Accountability International (1997), Ethical Trading Initiative (1998), Fair Wear Foundation (1999), Initiativ for Etisk Handel (2000).

⁸ OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap, mai 2011.

⁹ UN Guiding Principles on Business and Human Rights, 2011.

¹⁰ <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/horing--endring-av-lov-om-offentlige-anskaffelser/id2401043/>.

¹¹ <http://etiskhandel.no/Artikler/10623.html>.

¹² <http://etiskhandel.no/Artikler/10858.html>.

Artiklene i dette nummeret til temaet "rettferdig fordeling" er hentet fra boka De åpne hender økonomi: Stemmer fra Korsvei-bevegelsen. Boka er utgitt av Stiftelsen Korsvei i 2015, og kan bestilles på www.korsvei.no. Tusen hjertelig takk til både forfattere og redaktører, som velvillig har stilt artiklene til vår disposisjon.

SAMTALEPARTNER PÅ SYKEHUS

EN KOMMENTAR TIL LEDERARTIKKEL LK 19/15

AV ØYVIND TARALDSET SØRENSEN, HOVEDPREST, ST. OLAVS HOSPITAL HF
OYVIND.TARALDSET.SORENSEN@STOLAV.NO

